



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
15.08.2018
Dykkar dato
19.07.2018

Vår referanse
2017/12918 421.4
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til offentleg ettersyn av områderegulering for Bø skule og barnehage, Radøy kommune.

Fylkesmannen har mottatt Områderegulering for Bø skule og barnehage i Radøy kommune til offentleg ettersyn 19.07.2018 med frist for uttale 07.09.2018.

Planen sitt føremål er å leggje til rette for ny kommunal barnehage i tettstaden Bø. Planen er i hovudsak i tråd med overordna plan.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen si vurdering er at planen i hovudsak er god. Vi har berre merknader på temaet støy.

Deler av barnehagen sitt uteareal vil ligge i gul støysone. Det er vurdert at ettersom det finst tilstrekkeleg med andre ikkje støyutsette uteareal innanfor planområdet, er det ikkje naudsynt med ytterlegare tiltak.

Fylkesmannen er ikkje samd i denne vurderinga. I gul støysone bør ein vere varsam med å tillate etablering av nye bustader, fritidsbustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar. I utgangspunktet bør slik busetnad berre tillatast der ein gjennom avbøtande tiltak klarer å overhalde dei anbefalte grenseverdiane jf. retningslinje T-1442/2016 for behandling av støy i arealplanlegging.

Trafikkstøy kan gi helseplager. Vi viser til Folkehelseinstituttet sin folkehelserapport (<https://www.fhi.no/nettpub/hin/miljo/stoy/>) der det mellom anna står at: «*Støy er definert som uønsket lyd og kan forårsake sovnforstyrrelser, redusert livskvalitet og redusert helse.*» Det står også at «*barn er under stadig utvikling og har ikke ferdig utviklede mestringsstrategier; de har mindre kontroll over sine omgivelser enn voksne, og anses derfor som sårbare for støypåvirkning.*»

Fylkesmannen viser også til ROS-analysen i planforslaget. Her er støy vurdert som sannsynleg (3) med konsekvens ubetydeleg (1), og hamnar då i grøn kategori. KSA er ikkje samd i denne vurderinga. Vi meiner at støy frå veg må vurderast som svært sannsynleg (4) med mindre alvorleg konsekvens (2). Det er sannsynleg at støy frå vegen kan skje regelmessig, tilhøvet er kontinuerleg til stades og konsekvensen vil vere få/små person- eller miljøskadar. Støy frå veg vil då ligge i raudt felt i ROS-analysen der tiltak er naudsynt.

Sjølv om barnehagen vil få mykje uteareal, betyr ikkje dette at det kan lempast på krava i deler av området. Det støyutsette området vil bli eit område som barna kan opphalde seg i og må så langt som mogleg ha gode kvalitetar.

Fylkesmannen si vurdering er at det må gjerast tiltak for å få ned støynivået i det aktuelle området om dette skal nyttast som del av uteområdet til barnehagen. Kommunen må legge *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)* til grunn i planlegginga. Støygrensa for uteareal i barnehagar er 55 dB jf. tabell 3 i T-1442/2016.

Vi viser til telefonsamtaler med kommunen 13.08.2018 og 16.08.2018, der kommunen opplyser om at dei kan ta inn naudsynte føresegner om støy i område som skal nyttast som uteareal. Fylkesmannen legg difor til grunn at kommunen legg inn eit føresegn om at krav for støy på uteareal skal vere i samsvar med krav i T-1442/2016, Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging. Vi ser då ikkje grunn til å ha motsegn til planen. Om dette ikkje vert gjort må Fylkesmannen få ein ny moglegheit til å uttale seg i saka.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest Postboks 43 6861 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen